



**Stord kommune. Leirvik Nord - Frugarden reinseanlegg.
Inspeksjonsrapport nr. 2008.024**

Verksemdas namn: Stord kommune,
Leirvik nord-Frugarden reinseanlegg

Arkivkode:
08/4224

Verksemdas adresse:
Postboks 304, 5402 Stord

Bransjenr. (NACE –kode):
75.110

Organisasjonsnr: 939 866 914

Anleggsnr: 1221.029.01

Utsleppsløyve av: 1. februar 1995

Tidsrom for kontrollen: 5. juni 2008

Tilstades frå verksemda:
Bjørn Vad, Sivert Haaland, Kathrine Løbø, Erik
Kallestadbakken, Jaran Nysæter, Olav Eide

Frå Fylkesmannen:
Britt Solheim og Silje Tingstad

Rapporten inneheld:

Denne rapporten beskriv dei avvik og merknadar som vart avdekkja innan følgjande kontrollerte område:

- internkontroll
- Reinsekraft til avløpsanlegg
- overløp av ureinsa vann
- reinseanlegg: styring og drift
- utsleppsmålingar og utslippskontroll
- overhalding av utslippskraft

Hovudkonklusjon:

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

- 1** Internkontrollen har manglar
- 2** Overløp av ureinsa vatn blir ikkje talfesta
- 3** Utsleppskontrollen har manglar.

Dato: 31 JUL 2008

Silje Tingstad
Silje Tingstad
overingeniør

Kjell Kvingedal
Kjell Kvingedal e.f.
seksjonssjef

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein kontroll ved Leirvik Nord-Frugarden reinseanlegg 5. juni 2008. Kontrollen inngår i Kontrollaksjon Avløp 2008 som gjeld avløpsanlegg i større tettstader. Fylkesmannen har i samarbeid med SFT gjennomført kontrollen for å sørge for at avløpsanlegga vert driven i tråd med gjeldande krav, og at nye krav til reinsing frå 31. desember 2008 blir følgt godt nok opp. Rapporten beskriv eventuelle avvik og merknadar som vart avdekka under kontrollen knytt til aktuelle tema. **Rapporten gir såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av kommunen sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjon på et avvik og merknad er som følgjer:

- AVVIK er definert som overtredelse av vilkår gitt i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter for å ivareta det ytre miljø.
- ▣ MERKNAD er forhold som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men som fylkesmannen meiner det er riktig å påpeike for å ivareta og betre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og blir lagt ut nettstaden vår: www.fylkesmannen.no/hordaland.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- Utsleppsløyve av 1. februar 1995.
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kap 11 og 14.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, (internkontrollforskrifta)

3. Omfang

Følgjande områder ble dekket under inspeksjonen:

- Internkontroll med hovudvekt på risikovurdering og avvikshandsaming
- Utsleppskontroll basert på utsleppsløyve av 1. februar 1995 og krav i kap. 14 i forureiningsforskrifta
- Prøvetaking, beregningsgrunnlag for storleiken på tettstaden, forventa belastningsauke, førebuingar gjort for å møte nye krav frå 31. desember 2008 og forhold til eksisterande utsepp.

Fylkesmannen har ikkje vurdert andre forhold ved verksemda under inspeksjonen.

4. Avvik

Avvik 1

Internkontrollen har manglar

Avvik frå

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta) § 5 punkt 6

Kommentar

Dette gjeld følgjande forhold:

- Det er ikkje utført ei dokumentert risikovurdering for avløpsanlegget.

Risikovurdering for ytre miljø skal omfatte både avløpsnett, overløp og reinseanlegg. Det skal også vere tatt høgde for klimaeffektar. Risikovurderinga skal følgjast opp med ein handlingsplan for forhold med uakseptabel høg risiko. Risikovurderinga skal vere del av internkontrollen som skal oppdaterast regelmessig.

Avvik 2

Overløp av ureinsa vatn blir ikkje talfesta

Avvik frå

- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 14-5

Kommentar

Dette gjeld følgjande forhold:

- Overløp på leidningsnettet er ikkje vurdert med omsyn på kommande krav til registreringar av utslepp i overløp
- Det er ikkje gjort vedtak eller utarbeida ein handlingsplan for gjennomføring av nødvendige tekniske tiltak i overløp på nett.

Frå 31. desember 2008 skal kommunen registrere eller berekne driftstid for utslepp frå overløp. Det blir opplyst under tilsynet at det ikkje er gjort forpliktande vedtak om nødvendig oppgradering av utstyr fordi kommunen avventar svar på søknaden om unntak frå sekundærreinsekravet. Kravet i § 14-5 trådte i kraft 1. januar 2007, og gjeld uavhengig av reinsekrav.

Avvik 3

Utsleppskontrollen har manglar.

Avvik frå

- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 14-11
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta) § 5 punkt 7

Kommentar

Dette gjeld følgjande forhold:

- Framdrift for akkrediteringsprosessen er ikkje tilfredsstillande
- Vassmengdemåling blir ikkje utført ved reinseanlegget
- Vassprøver blir ikkje tatt

Det vart opplyst under tilsynet at Stord kommune ikkje har starta planlegginga for å etterkome akkrediteringskravet. I brevkontrollen vart det opplyst at akkrediteringa ikkje er sett i gong fordi dei avventar krav frå Fylkesmannen. Kravet om akkreditering for prøvetaking gjeld frå 31. desember 2008. Alle avløpsanlegg > 50 pe i større tettstader skal etterkome dette kravet uavhengig av kva for reinsekrav kommunen har etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

På Leirvik nord-Frugarden reinseanlegg vart det ikkje tatt prøver i 2007. Etter forureiningsforskrifta § 14-11 skal det takast 12 prøver per år frå avløpsanlegg mellom 1000 og 10 000 pe.

5. Andre forhold

Fylkesmannen varsla 28. februar 2008 at Stord kommune sitt utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn vil bli revidert. Etter § 14-17 i forureiningsforskrifta erstattar § 14-5 og § 14-9 til § 14-14 eksisterande løyve sine krav til avløpsnett, overvaking, utforming og drift av reinseanlegg, prøvetaking, vurdering av analyseresultat og varsling av avvik frå reinsekrav. § 14-6 til § 14-8 erstattar løyvet sitt krav til reinsing frå 31. desember 2008, dersom kravet til reinsing i løyvet er meir lempeleg enn reinsekrava i § 14-6 til § 14-8.

Etter forureiningsforskrifta vil avløpsanlegg større enn 50 pe i Leirvik tettstad få krav om sekundærreinsing frå 31. desember 2008. Stord kommune søkte Fylkesmannen i Hordaland 4. juni 2008 om løyve til å dele opp tettstaden Leirvik eller eventuelt primærreinsing. Saken er ikkje ferdig handsama hos Fylkesmannen enda.